

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 139/2019

av 14. juni 2019

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1983 av 26. oktober 2018 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at visse regionar i Italia er offisielt frie for tuberkulose og brucellose hjå storfebuskarar<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Føresegner om desse tilhøva skal ikkje gjelde for Island, som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32018 D 1983**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1983 av 26. oktober 2018 (EUT L 317 av 14.12.2018, s. 22).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/1983 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 317 av 14.12.2018, s. 22.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 14. juni 2019.

For EØS-komiteen

***Claude Maerten***

Formann

UOFFISIELL OMSETJING

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.